

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**

**nr. 75/2009**

**av 29. mai 2009**

**om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om samarbeid på særlege område utanfor dei fire fridommene**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Protokoll 31 til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 73/2006 av 2. juni 2006<sup>(1)</sup>.
- 2) Samarbeidet mellom avtalepartane bør utvidast til å omfatte europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1351/2008/EF av 16. desember 2008 om skiping av eit fleirårig fellesskapsprogram om vern av barn som nyttar Internett og annan kommunikasjonsteknologi<sup>(2)</sup>.
- 3) Protokoll 31 til avtala bør difor endrast for å gjere eit slikt utvida samarbeid mogleg frå 1. januar 2009 –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I protokoll 31 artikkel 2 nr. 5 i avtala skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32008 D 1351**: Europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1351/2008/EF av 16. desember 2008 om skiping av eit fleirårig fellesskapsprogram om vern av barn som nyttar Internett og annan kommunikasjonsteknologi (EUT L 348 av 24.12.2008, s. 118).”

---

<sup>(1)</sup> TEU L 245 av 7.9.2006, s. 44, og EØS-tillegget til TEU nr. 44 av 7.9.2006, s. 37.

<sup>(2)</sup> TEU L 348 av 24.12.2008, s. 118.

## *Artikkel 2*

Denne avgjerda tek til å gjelde dagen etter at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala<sup>(\*)</sup>.

Avgjerda skal nyttast frå 1. januar 2009.

## *Artikkel 3*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel, 29. mai 2009.

For EØS-komiteen

***Alan Seatter***

Formann

---

<sup>(\*)</sup> Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.